

REGULERINGSFØRESEGNER FOR HYLEBU, GNR. 134, BNR. 1 I TOKKE

Reguleringsføresegner. (tbl. § 26)

Reguleringsføremål (tbl. § 25)

I planområdet er det regulert inn følgjande reguleringsføremål:

- §25.1. Byggjeområde.
- §25.2, Landbruksområde.
- §25.6. Spesialområde.
- §25.7. Fellesområde.

Fellesføresegner.

- a) Det regulert området kan bare nyttast i samsvar med denne planen.
- b) Det skal ikke setjast opp gjerde, hekkar eller flaggstenger i området.
- c) Renovasjonsordning for området er den til ei kvar tid gjeldende offentlige ordning.
- d) Etter at planen er godkjent er det ikke lov å etablere private avtaler i strid med planen.
- e) Mynde til å gje unntak frå denne planen ettertbl. § 7 vert lagt til teknisk utval.

Byggjeområde.

*** Område for fritidshytter.**

- a) Dei regulerte byggjeområda skal nyttast til oppføring av fritidshytter.
- b) Tomtene kan delast frå eigedomen med oppmålt areal som normalt ikkje er større enn 1 da. Ved oppmåling av tomtene kan storleik og form avvike frå det som er vist på plankartet for å få best mogleg tilpassing til terrenget.
- c) Hyttene skal harmonere med omgjevnadene både når det gjeld utforming materialval og farge.
- d) Takvinkelen bør vere mellom 22° og 30° , og som tekjkjemateriale bør nyttast torv papp eller tre. (Evt metallplater).
- e) Hyttene skal oppførast med ei monehøgd ikkje hogare 5,40 m over grunnmur/pilar, og ha eit areal(BRA) på maks. 120 m². Grunnmur/pilar skal normalt ikkje vere hogare enn 0,80 m. I tillegg tilhovudhytta kan det førast opp eit uthus på maks 20 m².
- f) Det er ikke lov å legge inn vatn i hyttene.
- g) Det er ikke sett av punkt for felles brønn elle vasspost i planen sjølv om dette er ei aktuell løysing.
- h) Vassforsyninga er elles tenkt løyst ved at det vert grave bronns for kvar einskild hytte, evt. Ved å nytte bekk i området som vasskjelde.
- i) Det vert aktuelt med fellesløysing, kan dette skje ved graving eller boring av felles bronns i planområdet, med evt. legging av leidningar fram til vasspostar.
- j) Det vert føresett at det vert dokumentert ved søknad om byggjeløyve korleis vassforsyninga skal sikrast.
- k) Avlaup kan førast ut i grunnen ved synkegrøft, evt, synkekum.

Landbruksområde.

- a) I dette område kan det drivast tradisjonelt skogbruk, men dette bør likevel gjerast på ein slik måte at området totalt sett ikkje vert vesentleg forringa som rekreasjonsområde.
- b) Det skal ikkje førast opp hytter i dette området.
- c) Det er tillede å grave straumkablar i dette området dersom det vert aktuelt.

Spesialområde**▪ Vegar i området**

- a) Vegar i byggjeområda er private vegar og vert halde ved like som det
- b) I tillegg til felles private vegar i byggjeområda kan det førast fram veg til dei einskilde hyttene etter avtale mellom grunneigar og tomtekjøpar (leigetakar).
- c) Vegane i området kan nyttast til tømmertransport dersom dette vert aktuelt.

Fellesområde.**▪ Område for felles parkeringsplassar.**

- a) Der det ikkje vert veg fram til kvar einskild hytte er det sett av felles parkeringsplassar dimensjonert for 2 bilar pr. hytte.
- b) Vinterparkering for hyttene er på eigedomen Vislie som ligg inntil vegen mellom Gamleveg og Hylebuhylen.
- c) Dersom den offentlege renovasjonsordninga vert endra slik at det vert aktuelt med felles avfallsbygg, så kan dette førast opp på den felles parkeringsplassen.

Skafså, 20.01.2006.